



Arkivnr: 2014/11661-1

Saksbehandlar: Karstein Oen

Delegert saksframlegg

Fylkesrådmannen etter fullmakt

Strukturendring i administrasjonsseksjonen frå 1.1.2014

Samandrag

Det vert i denne saka gjort framlegg om mindre justeringar i administrasjonsseksjonen ved at seksjonen får to einingar - dokumentcenter og sekretariat – der dokumentcenteret får eigen leiar, medan sekretariatet framleis er direkte leia av seksjonsleiar for administrasjonsseksjonen. Vidare vert jurist i organisasjonsdirektøren sin stab overført til sekretariatet.

Vedtak

Det vert gjort følgjande strukturendring i administrasjonsseksjonen frå 1.1.2014:

1. Administrasjonsseksjonen vert organisert i to einingar; Dokumentcenter og Sekretariat
2. Dokumentcenteret får eigen leiar. Fagansvarleg arkiv, Evy Bakke går inn i leiarstillinga.
3. Sekretariatet vert leia av seksjonsleiar Birte M. Aasen.
4. Jurist i organisasjonsdirektøren sin stab (Sigrid H. Aardal) vert overført til sekretariatet i administrasjonsseksjonen

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksfremlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 10.02.2014

Administrasjonsseksjonen består i dag av 18 medarbeidarar. Sidan administrasjonsseksjonen vart oppretta har ein lagt ned mykje arbeid å i etablere fellesskap, både fagleg og sosialt, i seksjonen – og ein har hatt jamnlege seksjonsmøte. Der er mange faglege fellesnemnarar i seksjonen, mellom anna er seksjonen eigar av sak- og arkivsystemet DocuLive, og det er seksjonen som er ansvarleg for innføring av nytt sak- og arkivsystem. Likevel kan seksjonen naturleg delast i to; eit dokumentssenter og eit sekretariat. I tillegg til seksjonsmøta har både dokumentssenteret og sekretariatet hatt faste vekentlege koordineringsmøte med seksjonsleiar.

I tida frå 01.01.12, då administrasjonsseksjonen vart oppretta, er fleire oppgåver og medarbeidarar blitt tilført seksjonen og seksjonsleiar. Mellom anna er ein rådgjevar for politisk leiing som inngår i sekretariatet blitt tilsett, og med overføring av sekretariatsfunksjon for Ungdommens fylkesting/ Ungdommens fylkesutval frå regionalavdelinga til organisasjonsavdelinga har sekretariatet fått endå ein ny rådgjevar.


Oppgåver som overordna beredskapsansvar for heile Hordaland fylkeskommune og stabsleiarfunksjon for organisasjonsavdelinga er blant oppgåvene som er tilført seksjonsleiar i løpet av 2012. Seksjonsleiar vil og få ansvar for stabsleiarforum og for sekretariatsfunksjonen for administrasjonsutvalet.

I tillegg vil overordna organisasjonsutvikling knytt til implementering av nytt sak- og arkivsystem i heile HFK (fylkesadministrasjonen, 46 vidaregåande skular og omlag 70 tannklinikkar) bli ei sentral oppgåve for seksjonsleiar i åra som kjem. Administrasjonsseksjonen vil og overta ansvaret for gjennomføring av kommune-, fylkestings- og stortingsval, dette er estimert til 5 månadsverk kvart andre år.

Organisasjonsdirektøren ser det som naudsynt å samlokalisere og å styrke den juridiske kompetansen i organisasjonsavdelinga. Dette ynskjer ein å gjere ved å overføre juridisk kompetanse frå organisasjonsdirektørens stab til sekretariatet.

Desse endringane vil medføre at ein medarbeidar blir overført frå organisasjonsdirektørens stab til administrasjonsseksjonen, og talet medarbeidarar i administrasjonsseksjonen blir 19. Leiarspennet for seksjonsleiar blir då i overkant stor, og sidan seksjonsleiar i tillegg har ein del «konsernomfattande» oppgåver vil det vere ei føremon å fordele den daglege personaloppfølginga på fleire.

Som følgje av desse endringane er det no ynskjeleg å formalisere den uformelle organisasjonsstrukturen som for ein stor del allereie er gjeldande i administrasjonsseksjonen. Ny formell organisasjonsstruktur vil sjå slik ut:



Dei tillitsvalde er informert om strukturendringa i møte 18.12.2013.